



Mette Kyed Thorson
Kvalen 16
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1760 - 18/3729

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
05.02.2018

Vedkomande spørsmål ved etablering av tilkomstveg - gbnr 100/13 Fjellsende (Vågseide)

Vi syner til Dykkar forespurnad motteke her den 31.01.2018.

Det går fram i skriv frå Dykk at det skal etablerast ei tilkomstveg til fritidsbustaden. I høve dette etterspør De om saka skal sendast til uttale til landbrukskontoret.

Tomta og nabotomt ligg innafor LNF-føremålet. Saka må difor sendast til uttale til landbrukskontoret, og eventuell jordlovshandsaming dersom dette er dyrkbar mark.

Når vi mottar søknad om dispensasjon sendast søknad over til landbrukskontoret først, før søknad om dispensasjon vert handsama.

Vidare spør De om det skal søkjast til Statens Vegvesen for utvida bruk av avkøyrsløp inn på fylkesveg. Slik det kan sjå ut er det ikkje etablert avkøyrsløp frå før av. De må difor søkja om ny avkøyrsløp inn på fylkesveg, og denne skal handsamast av Statens Vegvesen.

Vi rår til at det først vert søkt til Statens Vegvesen om etablering av avkøyrsløp, slik at de får ein uttale som kan leggest ved søknaden til oss.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Mette Kyed Thorson

Kvalen 16

5955

LINDÅS

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



